



Stendal VVS AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/150 - 15/18604

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
13.10.2015

Godkjenning - tilkopling til kommunalt vassverk, gbnr 27/51 på Moldekleiv.

Administrativt vedtak. Saknr: 369/2015

Saksutgreiing:

Det er i søknad, motteke 04.02.2015 og supplerande dokumentasjon motteke 30.03.2015, søkt om tilkopling til kommunalt vassverk for ein ny fritidsbustad på Moldekleiv, gbnr 27/51. Fritidsbustaden rekk godkjent rammeløyve for riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av ny 08.09.2015, i sak DNT.318/2015. Eigedomen skal koplast til det kommunale vassverk i kommunal kum ved Sjøvegen, jf motteke situasjonskart.

Det ligg føre erklæring som gjev eigedomen gbnr 27/51 rett til å leggje og vedlikehalde vassleidning over naboeigedomen gbnr 27/48.

Eigedomen fekk godkjent utslepp med slamavskiljar i sak DNT.367/2015.

Vurdering:

Administrasjonen har ingen merknad til at eigedomen vert tilknytt det kommunale vassverket. Tiltaket er søknadpliktig etter plan- og bygningslova.

Det er søkt om følgjande ansvarsrett:

Føretak	Godkjenningsområde:
Stendal VVS AS Organisasjonsnr. 980 626 180 Sentral godkjenning	SØK, heile tiltaket (tkl 1) PRO, heile tiltaket (tkl 1) UTF, heile tiltaket (tkl 1)

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at ny fritidsbustad på gbnr 27/51 vert tilknytta kommunalt vassverk i samsvar med søknad motteke 04.02.2015 og supplerande dokumentasjon motteke 30.03.2015 på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" - Kommuneforlaget.
- Tilknyttinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2015 er tilknytingsgebyret for vatn kr 10 000,- per bueining pluss mva.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Det vert gitt ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilkopling vassverk 27-51

Kopi til:

Steinsvik Hus & Entreprenør AS
Vera og Rune Refsnes

Postboks 13 8459
Skuteviksveien 49 5032

MELBU
BERGEN

Mottakere:

Standal VVS AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND